



Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 EIVINDVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Halland, 5764 3128
Sarah Kvåle Skouen, 5557 2115

Kommunal planstrategi – forventningsbrev frå Statsforvaltaren til kommunane sitt arbeid

Vi vil i dette brevet minne om nokre av dei nasjonale måla som kommunen må leggje til grunn for sine vurderingar. Brevet er fyrst og fremst retta til dei kommunane som enno ikkje har vore i dialog med Statsforvaltaren om utarbeidinga av ny planstrategi.

Planstrategi

Planstrategien er som kjent ein viktig lekk i det kommunale plansystemet, der det nye kommunestyret får høve til å vurdere korleis planverket til kommunen svarar på dei utfordringane som kommunen ser som viktigast i perioden. Føremålet med planstrategien er:

«.. å klargjøre hvilke planoppgaver kommunen bør starte opp eller videreføre for å legge til rette for en ønsket utvikling i kommunen», jf. Rettleiar til kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden, jf. Pbl § 10-1.

Medverknad

I arbeidet med planstrategien skal kommunane innhente synspunkt, mellom anna frå statlege organ jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 10-1. Sidan planstrategien har få formelle krav til korleis kommunane skal innhente synspunkta, vil vi minne om nokre grunnleggjande og viktige tema kommunen bør vurdere i sin gjennomgang av planarbeidet i dette brevet her. Statsforvaltaren skal etter plan- og bygningslova (pbl.) § 3-2 sjå til at kommunane oppfyller plikta til planlegging etter lova.

Behovsstyrd

Rettleiaren til planstrategien held fram at planarbeidet skal vere behovsstyrt, dette fylgjer og av pbl. § 3-1 tredje ledd. At planlegging er behovsstyrt, fordrar at kommunen har kjennskap til både eksisterande situasjon, men òg venta endringar. Mellom anna legg befolkningsmansetjing, økonomi, organisering av tenester, arealressursar, geografi og naturmangfald alle føringar for handlingsrommet til kommunen, saman med nasjonale lover og reglar. Kommunalt skjøn etter kommunelova § 2-1 skal som kjent skje *«innenfor nasjonale rammer»* og det er difor viktig at



kommunane tek omsyn til lover og set seg inn i framskrivingar, til dømes for folkesetnad, klima, energi, økonomi osv.

Staten og kommunane har dei seinare åra hatt stort fokus på venta endringar i alderssamansetjinga. Kommunane har ulike utfordringar og samansetjing. Statsforvaltaren vil for vår del ha barn og unge som eit særskild satsingsområde framover, og vi vil fylgjeleg ha særleg fokus på dette temaet og oppfølging av FN sin barnekonvensjon. Vi oppmodar kommunane om å gjere det same og minner mellom anna om gjeldande *Rikspolitiske retningsliner for barn i planlegging* og at kommunen må ta stilling til korleis førebyggjande plan for barn og unge (etter barnevernslova § 15-1) kan følgjast opp i andre kommunale planar som til dømes samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen.

Det er elles lovfesta at kommunane skal ha oversikt over befolkninga sin helsetilstand jf.:

- Folkehelselova § 5 set krav om ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen
- Kommunane skal òg ha: *«oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter plan- og bygningsloven § 10-1»*, jf. Lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, § 5.

Vi reknar med at kommunane i sin planstrategi legg til grunn venta endringar og planlegg ut frå desse. Koplinga mellom ressursar og forbruk, både for areal, natur, personal og økonomi bør vere realistisk, slik at dei kommunale planane er føreseielege. Dette er eit lovkrav etter pbl. § 1-1.

Vi vil på generelt grunnlag rå til at kommunen koplar sine eigne føringar og strategiar saman med nasjonale lover, rammer og andre føringar for planlegginga, slik at ein kan finne lokalt handlingsrom utan å kome i vesentleg strid med nasjonale interesser.

Statsforvaltaren rår vidare kommunane til å setje seg godt inn i pbl. §§ 1-1 og 3-1, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027.

Vi oppmodar særleg kommunen om å sjå på fylgjande tema:

- Planvask
 1. korleis møter eksisterande planar dagens utfordringar?
 2. *er nokre av temaa under ikkje godt nok innarbeidd i planen (t.d. landbruk, naturmangfald og klima)?*
- Klima – *gjer venta endringar at utbyggingsområde er ueigna?*
- Endringar i befolkningssamansetjing – *legg ein opp til rett vekst (er det føreseieleg og realistisk)?*
- Folkehelse – *motverkar de sosial helseulikskep?*
- Beredskap – *unngår de uheldig samlokalisering (faresoner), er det lagt vekt på førebygging og legg dette nye føringar for omdisponert areal (landbruk)?*
- Landbruksareal – *kor mykje areal er sett av til andre føremål?*
- Barn og unge – *er konsekvensar for barn og unge lagt vekt på: område for leik, avstandar, tryggleik for mjuke trafikantar, integrering av barn som veks opp i fattigdom?*
- Naturmangfald på land – er område med store verdiar tekne omsyn til, varetaking av generelt og spesielt naturmangfald, nøkkelartar, truga artar osv.



- Naturmangfald i sjø – er det sett av rett arealføremål, har kommunen kjennskap til naturmangfaldet og tek ein nok omsyn til vassressurslov og raudlista artar og naturtypar i sjø
- Organisering – er kommunen budd på venta endringar
- CRPD – korleis arbeider kommunen med å sikre rettane til folk med nedsett funksjonsevne?
- Massehandtering - unngår de transport, ureining og lagringsbehov?
- Landskap – kva er særmerkt med landskapet og korleis tek de vare på dette?

Der det ev. er endringar i statlege føringar for temaaa over, bør kommunen vurdere om eldre planar kan gjelde vidare, ev. endrast eller opphevast.

Statlege planretningsliner skal elles leggjast til grunn i kommunen sin planlegging etter lova, jf. § 6-2. Å få utarbeidd eit arealrekneskap vil kunne bli ein viktig reiskap for vidare planlegging. Kommunal- og distriktsdepartementet har nyleg (11.12.2023) gitt ut [retteleiar for utarbeiding av arealrekneskap](#).

Jordvern er eit tema som har fått innskjerpa nasjonale mål. Stortinget har vedteke ein ny nasjonal strategi om at det i Noreg ikkje skal omdisponerast meir enn 2000 dekar, og at dette målet skal nåast seinast innan 2030. Vi syner til brev dagsett 22. januar 2024 frå landbruks- og matministeren og kommunal- og distriktsministeren om matjord og arealplanlegging som minner kommunane om dette målet. Brevet legg nokre føringar som det er viktig å minne om – 2000 dekar er eit nasjonalt mål, ikkje ei kvote som skal fordelast. Det er difor naturleg at kommunane vurderer om og korleis omdisponeringa av areal for matproduksjon så langt som råd kan stansast. Vi minner elles om rapporten frå NIBIO som det visast til i dette brevet.

Noreg har slutta seg til FN sin naturavtale frå desember 2022, som legg til grunn ei tett kopling mot arealplanlegging. Vi ser det som viktig at kommunane no vurderer korleis innhaldet i denne avtalen skal følgjast opp lokalt.

Vi ønskjer å leggje til rette for at vi kan kome med våre synspunkt tidleg i kommunen si prosess med den kommunale planstrategien. Vi oppmodar difor kommunane om å sende oss planstrategien på høyring – anten i oppstartsfasen, eller ved fyrste utkast – slik at kommunen har høve til å vurdere og innarbeide eventuelle innspel til strategien. Den lovfesta 30-dagarsfristen i pbl. § 10-1 legg i liten grad opp til innarbeiding av innspel. Same føresegn er likevel tydeleg på at kommunen i arbeidet med kommunal planstrategi skal innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabo-kommunar. Vi minner difor òg om pbl. § 1-4 som inneheld eit generelt krav om at kommunane skal samarbeide med offentlege myndigheiter og hente inn uttale frå desse, når tema vedkjem myndigheitene sitt saksområde. Statsforvaltaren vil vere open for å gje utfyllande råd på våre fagområde, dersom kommunen ønskjer det.

Vi ønskjer lukke til med arbeidet med kommunal planstrategi !

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN



Mottakarliste:



Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplussen 7	6887	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN



Voss herad
Øygarden kommune
Årdal kommune

Postboks 145
Ternholmvegen 2
Statsråd Evensensveg 4

5701 VOSS
5337 RONG
6885 ÅRDALSTANGEN